

ÅRSMØTET 2011

Program fredag 4. - søndag 6. mars

Fredag

starta vi med eit nydeleg middagsmåltid.

Rundt kl. 20.15 samlast vi i møtesalen - og leiaren, Dagrun Johanne Hesjevoll, helsa delegatane velkommen til årsmøtet. Ho informerte vidare om programmet for kvelden; opninga av 25-års jubilaranten og vertskapslaget Eid Husflidslag si jubileumsutstilling i Kulturhuset Gamle Banken:

Glitrande jubileumsutstilling

Bjørg Thorsby Kaarstad ønskte alle velkomne og baud på forfriskningar, og Husflidskonsulenten, Synøve Eriksen Vadøy, helsa 25-åringen med fin tale.

Årsmøtedeltakarane kosa seg! Her var mykje spennande å sjå. Jubilaranten viste god aktivitet med solid og variert husflid; alt frå vev, strikk, tre, broderi til toving, porselensmåling etc..

Ei interessant utstilling - flott presentert i spennande omgivnader!



Husflidskonsulenten og Bjørg Thorsby Kaarstad



Glimt frå utstillinga.....



Laurdag morgon

møtte ein gjeng spreke årsmøtedelgatar opp på Almenningen på Eid. Etter ein god frukost var vi godt rusta mot snøen og blesten. Vertskapet hadde fått lokalhistorikar Odd Monsson til å ta oss med på ei gatevandring på Eid.

Han fortalde om busetnaden, levekåra og utviklinga som hadde vore sidan garden Gjerde var der Almenningen er i dag. Han fortalde også om Eksiserplassen, som hadde opptil 2 000 soldatar på ein gong. Eid utvikla seg til ein handelsstad, og enkelte slo seg godt opp. Mange av dei flotte trehusa, som er her i dag, er bevis på det. Elles fekk vi sett på garden Myklebust og vikinggraver.

Vi fekk ein interessant tur sjølv om det var kaldt og det bles godt. Men tusen takk til Eid Husflidslag som fekk til dette!

Idèmyldring Landsmøte 2012

var programposten etter ankomsten til hotellet.

Dagrun Johanne informerte om tildelinga av Landsmøte i 2012 – og forklarte at viss ein skal få eit såpass stort arrangement i hamn er ein avhengige av hjelp frå lokallaga.

Husflidskonsulenten viste kva som er fylkeslaget sine oppgåver i høve arrangementet – og ho skisserte arrangementskomiteen, som er nedsett og som allereie har hatt sitt første møte.

Komiteen består av:

- Dagrun Johanne Hesjevoll – leiar SFH
- Synøve Eriksen Eriksen Vadøy – Husflidskonsulent
- Marit Andersen – representant husflidshandverkarane
- Leiv Sølvsberg – representant lokallaga (vald på bakgrunn av gode erfaringar med store arrangement etc.)
- Bjørg Hovland – representant andre (vald på bakgrunn av sin gode fagkunnskap omkring bunad og folkedrakter etc.)
- Dagrun Ylvisåker Igelkjøn – sekretær

Årsmøtedelegatane vart deretter delte i grupper – og fekk jobbe med utleverte "stikkord" og komme med idèar på viktige oppgåver for arrangøren.


Og idèar mangla ikkje – flotte forslag kom fram og vil bli jobba vidare med!

Minikurs i studiearbeid

og vitjinga av Kjærsti Evjen Gangsø i FOLK (folkekulturforbundet) vart også godt motteke av deltakarane.

Gjeldande reglar vedkomande studiearbeid - og korleis ein skal utføre innmeldingar av studietiltak etc. på ein enkel og grei måte, vekte stor interesse.

Studieinnmeldingar til FOLK er ikkje vanskeleg å utføre fekk årsmøtelyden ein flott dokumentasjon på!



Kjærsti Evjen Gangsø engasjerte forsamlinga

Laurdag kveld


var det duka for festmiddag. Leiaren ønskte velkommen til bords og Marita Røyset, frå vertskapslaget, presenterte kveldens underhaldningsbidrag:

Olga Pavlova og to lovande elevar frå musikkskulen på Eid, framførte vakker musikk for oss.

Elles var det ein kjekk gjeng som var samla. Tonen var god og lett, og latteren sat laust. Det var fleire spontane historieforteljarar, og dei hausta stor applaus.

Etter ein flott trerettars middag, gjekk vi til den Engelske Pub. Der kosa vi oss ilag så lenge vi kunne, men med tanke på søndagsmorgon og vidare årsmøte var dei fleste i seng før midnatt.

Kort og godt ein flott kveld!



Musikkskuleelevar imponerte årsmøtelyden ...



God stemning ...

Søndag

- og inn i mellom årsmøtesakene stod
Strategisk plan 2011-2014 på programmet


Husflidskonsulenten, Synøve Eriksen Vadøy, tok føre seg Strategiske Plan 2011-2014, som vart vedteken på Landsmøtet 2010.

Synøve viste tiltaksark om korleis fylkeslag og lokallag kan gjere ting på ein praktisk måte, utifrå den gjeldande planen.

Etter oppmoding frå forsamlinga lova Husflidskonsulenten å sende lokallaga skjemaforlaget som vart vist.

_Strategisk Plan er eit arbeidsreiskap, som fylkes- og lokallag må nytte i arbeidet sitt, oppmoda konsulenten!

Referentar og foto:



Magnhild Sj. Kongsvoll



Dagrun Ylvisåker Igelkjøn